

Oppdragsgjevar: **Ulvik herad**

Oppdragsnr.: **52209130** Dokumentnr.:

**Til:** Ulvik herad

**Frå:** Norconsult Norge AS

**Dato** 2024-10-10

## ► Trafikkanalyse - Detaljregulering Brakanes sentrum

### 1 Innleiing

Norconsult hjelper Ulvik herad med utarbeiding av detaljreguleringsplan for Brakanes sentrum. Formålet med planen er å modernisere gjeldande reguleringsplanar i Brakanes sentrum og finne plass til nokre nye tiltak. Som ein del av planarbeidet er det utarbeida ein trafikkanalyse for å kartlegga dei trafikale og trafikksikkerheitsmessige konsekvensane av tiltak. Formålet med trafikkanalysen er også å svara ut krav til utgreiing gitt frå Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen i uttala for varsla planoppstart og varsla endring av plangrense.

### 2 Dagens trafikksituasjon

Kapittelet gjer greie for lokalisering, forhold for mjuke trafikantar, trafikkulukker i området og dagens trafikkmengder på vegnettet.


#### 2.1 Planområdet si lokalisering

Planområdet ligg i Brakanes sentrum i Ulvik herad. Lokaliseringa i Ulvik er vist i Figur 2-1, og avgrensinga av detaljreguleringa er vist i Figur 2-2.



Figur 2-1: Lokalisering av planområde i Ulvik vist med raud sirkel. Bakgrunnskart: © norgeskart.no

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.



Figur 2-2: Planavgrønsing. Gamle detaljreguleringsplanar er vist i bakgrunnen.

Brakanes er heradssenter og den einaste tettstaden i Ulvik herad. Innanfor planområdet ligg blant anna Ulvik kyrkje, Brakanes hotell, daglegvarebutikk, apotek og ein rekke andre handelsstadar og bedrifter. Innanfor planområdet ligg vegane fv. 572 og 5374, og krysset mellom desse to og fv. 5380. Vi finn og nokre bustader i planområdet. Busshaldeplassen "Ulvik sentrum" i Skeieveg ligg i planområdet, og er det einaste kollektivknutepunktet i Ulvik. I tillegg har fleire veger innanfor planområdet ein viktig funksjon som skuleveg for mange av elevane ved Brakanes skule.

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.

## 2.2 Trafikkmengder

Dagens trafikkmengder (ÅDT) i planområdet og i omkringliggende vegnett er kartlagt med utgangspunkt i tal frå NVDB, og er vist i Figur 2-3.



Figur 2-3: Dagens trafikkmengder (ÅDT) (2023-tal) i planområdet og omkringliggende vegnett. Tunbilandel i parentes. Trafikktal frå Statens vegvesen er basert på ei kombinasjon av teljing og skjønn. Inneheld data under norsk lisens for offentlege data (NLOD) tilgjengeleggjort av Statens vegvesen.

## 2.3 Krysset mellom fylkesvegane i Brakanes

I Brakanes sentrum møtast fylkesvegane 572, 5374 og 5380. I dagens situasjon er krysset vikepliktsregulert, slik at trafikken frå fv. 5374 har vikeplikt for trafikken frå fv. 572 og 5380. Eit foto frå krysområdet er vist i Figur 2-4. Reguleringa av krysset stammar frå tida då fv. 572 og 5380 danna hovudvegen mot Voss, før Vallaviktunnelen blei bygd. Trafikktala viser derimot at det er fv. 572 og 5374 som har størst trafikkmengd. Ein meir naturleg og logisk utforming av krysset vil derfor vere å gjere fv. 572 og 5374 til den gjennomgåande primærvegen i krysset, medan fv. 5380 blir sekundærvegen i krysset. Utforminga av krysset bør da endrast i tråd med dette. Ei utforming kor hovuddelen av trafikkmengda har forkøyrrett vil sannsynlegvis betre trafikkviklinga i krysset og gje færre situasjonar kor bilar har vikeplikt.

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.




Figur 2-4: Krysset mellom fylkesvegane i Brakanes sentrum. Foto: Google Street View.

## 2.4 Fartsnivå på fylkesvegane

Vestland fylkeskommune gjennomførte 2. til 8. november 2023 fartsmålingar på fylkesvegane i Brakanes sentrum. Lokaliseringa av dei tre fartsmålingane er vist i Figur 2-5, og resultatane frå målingane er vist i Tabell 2-1. Fartsgrensa på alle tre vegane er 40 km/t. Fartsmålingane viser at det er eit høgt fartsnivå på vegane.

På fv. 572 låg 34 % av dei køyrande over fartsgrensa, medan tilsvarende for fv. 5390 og fv. 5374 var respektive 54 % og 76 %. Statens vegvesen si handbok V128 anbefaler et vi gjer tiltak for fartsdemping når fleire enn 15 % køyrer 5 km/t fortare enn fartsgrensa på vegen. Målingane visar at dette er tilfelle for alle tre fylkesvegane i Brakanes sentrum (Statens vegvesen, 2017). Det anbefalast derfor at ein vurderer fartsreduserande tiltak på fylkesvegane i Brakanes sentrum. Døme på fartsreduserande tiltak finns i Statens vegvesen si handbok V128 og i Trafikktryggleikshandboka.

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.



Figur 2-5: Lokalisering av fartsmålingar utført av Vestland fylkeskommune i 2023.


Tabell 2-1: Resultatet frå fartsmålingar i Brakanes sentrum 2. til 8. november 2023. Kjelde: Vestland fylkeskommune.

Variabel	Fv. 572	Fv. 5380	Fv. 5374
Snittfart	37 km/t	42 km/t	46 km/t
85 %-fraktil	46 km/t	49 km/t	53 km/t
95 %-fraktil	51 km/t	55 km/t	59 km/t
> 40 km/t	34 %	54 %	76 %
Antal køyretøy per dag	796	652	982

## 2.5 Tilhøva for mjuke trafikantar

Det er gjort ei vurdering av tilhøva for mjuke trafikantar mellom ulike målpunkt i og utanfor planområdet. Dei definerte målpunktane i Brakanes og omfanget av fortau, gangveggar og gang- og sykkelveggar i og rundt planområdet. Dei er vist i Figur 2-6. Ein ser at Ulvik Omsorgstun er knytt til Brakanes sentrum med fortau langs fv. 572. Gangforbindelsane mellom hotellet, kyrkja, legesenteret og daglegvarebutikken er og tilfredsstillande. Frå Brakanes sentrum til Brakanes skule er det ikkje eige gangtilbod. Ein vil derfor sjå nærmare på forholda for mjuke trafikantar langs vegane til skulen.

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.



Figur 2-6: Dei definerte målpunktane i Brakanes og omfanget av fortau, gangvegar og gang- og sykkelvegar i og rundt planområdet. Inneheld data under Norsk lisens for offentlege data (NLOD) tilgjengeleggjort av Statens vegvesen.

## 2.5.1 Skuleveg

Hovudåtkomsten frå fylkesvegnettet til Brakanes skule for både mjuke trafikantar og køyrande går via Skeiesvegen og Skulebrua. Mellom fv. 572 og Skulebrua har Skeiesvegen fortau, som vist i Figur 2-7. Sjølve Skulebrua er vist i Figur 2-8. Denne har eit køyrefelt for bilar og smale fortau på begge sider. Dette kan skapa situasjonar som opplevast som uttrygge for gåande til og frå skulen. Det anbefalast derfor at ein etablerer ein ombygd eller ny bru med god fortausbredde for gåande på sørsida og minst eit køyrefelt for bilar.

Området på austsida av Skulebrua, bak COOP-bygget, vist i Figur 2-9, har ikkje noko tilbod for gåande som knytt Skulebrua og fortauet langs Skeiesvegen til gangvegen på austsida av Coop-bygget. Området synast og å vera utflytande og lite oversiktleg. Det anbefalast derfor at ein gjer grep for å skapa betre oversikt og eit eige tilbod for gåande her.

På vestsida av Skulebrua er det ikkje fortau eller anna tilbod for gåande langs Skeiesvegen. Vegen er også smal på delar av denne strekninga. Denne strekninga er vist i Figur 2-10. Det anbefalast derfor at ein etablerer fortau og tilstrekkelege kryssingsstader på strekninga fram til parkeringsplassen ved skulen.

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.



Figur 2-7: Skeiesvegen mellom fv. 572 og Skulebrua. Foto: Google Street View.



Figur 2-8: Skulebrua mellom Brakanes sentrum og Brakanes skule. Foto: Google Street View.

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.



Figur 2-9: Området på austsida av Skulebrua, bak COOP-bygget. Foto: Google Street View.



Figur 2-10: Skeiesvegen på vestsida av Skulebrua. Foto: Google Street View.

## 2.5.2 Kryssingsstader for gåande lang fylkesvegane i planområdet

Innanfor planområdet finn ein to kryssingsstader på fylkesvegane. Begge ligg på fv. 572. Figur 2-11 viser fotgjengarovergangen på fv. 572 ved Storøyri. Overgangen legg til rette for at forgjengarar kan skifte side når fortauet langs fv. 572 skifter side. I tillegg gir fotgjengarovergangen åtkomst til gangveg opp mot skulen frå sørsida av fylkesvegen.



Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.



Figur 2-11: Fotgjengerovergangen på fv. 572 ved Storlyni. Foto: Google Street View.

Figur 2-12 viser fotgjengarundergang under fv. 572 i Brakanes sentrum. Ein ser at undergangen, og gangvegen som ledar opp frå han, er smal og uoversiktleg. Det finns ikkje tal på kor mange som nyttar undergangen, men Ulvik herad har kommunisert at dei meiner få fotgjengarar nyttar han. Planarbeidet bør derfor sjå på tiltak for å skapa ein meir attraktiv og godt tilrettelagd kryssing av fv. 572 i Brakanes sentrum.



Figur 2-12: Fotgjengarundergang under fv. 572 i Brakanes sentrum. Foto: Google Street View.

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.

## 2.6 Kollektivtransport

Innanfor planområdet finn vi ein busshaldeplass som blir betjent av rutebuss. Denne ligg i Skeiesvegen, tett på fv. 572. Kollektivselskapet Skyss har ein linje, 945, som stoppar ved haldeplassen. Detter og den einaste linja som går i Ulvik. Med linje 945 kan vi per dags dato ta buss til Hjeltnes og Osa i Ulvik herad og Voss og Granvin i Voss herad. På Voss kan vi blant anna bytte til tog mot Oslo eller Bergen.

## 2.7 Trafikkulykker

Det er ikkje registrert nokre politiregistrerte trafikkulukker innanfor eller rett i nærleiken av planområdet dei ti siste åra ifølje Statens vegvesen si database NVDB.

## 3 Trafikksikringsplan for Ulvik herad 2023-2026

Ulvik herad har ein eigen trafikksikringsplan som gjeld frå 2023 til 2026. For dei meir overordna analysane og tiltaka viser vi til sjølve trafikksikringsplanen. Dette delkapittelet vil ta føre seg dei enkelttiltaka som er relevante for planområdet.


Trafikksikringsplanen inneheld dei følgjande tiltaka som er relevante for planområdet (Ulvik herad, 2023):

- Fortau/opphøgd gang- og sykkelveg framfor Tyssevikvegen 18
- Utbetra gangvegar og gang- og sykkelvegar til dagens standard i Skeiesvegen og andre vegar på Brakanes
- Utvida skulebrua over Tysso til skulen eller overbygd gang- og sykkelbru ved sida av skulebrua
- Telja trafikk og vurderer grunnlag for fotgjengarfelt på fylkesvegane i sentrum
- Utarbeida skiltplan og plan om hjertesone rundt Brakanes skule, samt vurderer behovet for trafikksikringstiltak generelt
- Bilfri sone på Promenaden frå Wollert og rundt kyrkja
- Kartleggja behov for gateljos langs kommunale vegar
- Sykkelskur/skur som er godt synlege, lett tilgjengelege, attraktive, med tak mot regn og plass til sykkelvogn.

## 4 Tiltak i planområde

Det vert planlagt fleire nye tiltak innanfor planområdet. I denne trafikkanalysen skil vi mellom tiltak som nye bygningar og nye infrastrukturtiltak. Figur 4-1 viser ein oversikt over nye tiltak i planområdet.

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.



Figur 4-1: Nye tiltak i planområdet.


## 4.1 Veginfrastrukturtiltak

Som ein del av detaljreguleringsplanen er det planlagt følgjande veginfrastrukturtiltak:

- Krysset mellom fv. 572, 5374 og 5380 er foreslått omregulert slik at det blir vikepliktsregulert med forkøyrrett for trafikken frå fv. 572 og 5374. Figur 4-2 viser vegteikning for krysset.
- Etablering av fortau i Brakanes sentrum på alle sider av vegane i krysset mellom fylkesvegane, frå Promenaden og ut i fv. 5374 og på nordsida av fv. 574.
- Undergangen under fv. 574 stenges og fylles igjen.
- Fortau og mer oversiktig snuplass ved Skulebrua på nordsida av Coop-bygget.
- Ny bru for Skulebrua over Tysso.
- Parkering med elbillading i området nord for hotellet
- Bussparkering for turbussar utanfor hotellet

For ytterlegare detaljar om vegane i planen må ein sjå vegteikningane.

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.



Figur 4-2: Vegteikning med ny utforming av krysset mellom fylkesvgeane i Brakanes: Teikning: Norconsult.

## 4.2 Promenaden

Norconsult utforma ei moglegheitstudie for strandpromenaden i juni 2021. I konklusjonen for studien vart det rekna opp ein del forhold som ein må ta omsyn til og sikra at reguleringsplanen tilbyr løysingar for:

- Som erosjonssikring langs vannkanten anbefales det en trappeløsning fremfor en ny støttemur. En slik utforming vil gi langt flere muligheter for nærhet til vannet og opphold langs vannkanten.
- Den nord-sør aksen gjennom Ulviks sentrum bør framhevast som et sentralt element i promenadens utforming.
- En ny gjestehavn vil være et fint tilskudd til promenaden og vil bidra til å aktivisere arealet. Foreløpig konklusjon er at vestdelen av promenaden er den beste plassering.
- Trafikkmønster i arealet bør undersøkes videre med hensyn til å redusere biltrafikk langs promenaden. En gatetunløsning gir mulighet for en trygg og inviterende forbindelse mellom promenaden og parken.
- Parken er en ideal plass for et leke- familieareal i Ulvik sentrum. Langsiktige forbedringer til parken bør sees i sammenheng med reguleringsplaner og parkeringsbehov i arealet. Som alternativ kan det etablerast et midlertidig anlegg.
- Nye elementer langs promenaden bør planlegges for å aktivisere arealet, oppmuntre til opphold og tiltrekke et mangfold av brukers. Eksempler kan inkludere blant annet, lekeutstyr, treningspark, paviljong, badeplass, grillplass og blomster- og frukthage.

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.



Figur 4-3: Norconsult har utarbeidd ei moglegheitsstudie for strandpromenaden og parken. Reguleringsplanen bør sikra at dei respektive elementa i studien kan realiserast.

Strandpromenaden vil vere eit element i ein samanhengande gangveg langs fjorden i sentrum; frå Haugesenteret og til Skeietomta (Pallefabrikken/Storøyeni) via ny gangbru. Tanken er at gangvegen kan gå på nordsida av Brakanes hotell og binda gangsystemet saman.

### 4.3 Bustader på Storøyeni og gangbru over Tysso

På Storøyeni blir det planlagd for totalt 18 bustader i form av einebustader og tomannsbustader. Fem av bustadene blir lokalisert på nordsida av fv. 572, mens resterande 13 bustader blir lokalisert på sørsida av fv. 572. Figur 4-4 viser situasjonsplan for prosjektet. Som ein del av tiltaket blir den opphavlege pallefabrikken bevart og nytta som fellesfunksjonar og kulturminne. Parkering er planlagd under bakken. Som ein del av bustadutbygginga er det planlagd ny gangbru over elva Tysso. Ein illustrasjon av denne er vist i Figur 4-5.

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.



Figur 4-4: Illustrasjonsplan for bustader på Storøyri. BRUKET arkitektur foreslår at gangbrua vert lagt nær den opphavlege pallefabrikken - "nabolagsfabrikken" i nytt bustadområde. Illustrasjon: BRUKET arkitektur.



Figur 4-5: Gangbrua som bind det nye bustadområde og sentrum saman. Illustrasjon: BRUKET arkitektur.

## 5 Framtidig trafikksituasjon

Når ein skal sjå på den framtidige trafikksituasjonen er det vesentleg å sjå på både forventa framtidige trafikkmengder og framtidige forhold for mjuke trafikantar. Når dette er vurdert har ein tatt utgangspunkt i dei tiltaka som er omtala i kapittel 4.

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.

## 5.1 Turproduksjon frå tiltaka

Blant tiltaka som er vist i kapittel 4, er det berre dei nye bustadene på Storøyri som i seg sjølv kan forventast å gje auka trafikkmengder i og rundt planområdet.

På Storøyri blir det berre planlagd for nye bustader. Bustadene er i all hovudsak einebustader. Einebustader i Ulvik herad hadde i 2023, ifølje data samanstilt frå Statistisk sentralbyrå sine kjeldetabellar 06265 og 11509, 1,63 bebuarar per bustad. Dette gjer at vi estimerer at dei nye bustadene vil gje om lag 29 nye bebuarar. Tal frå den nasjonale reisevaneundersøkinga frå 2023 viser at vi i Noreg i gjennomsnitt gjer 2,6 reiser per dag (Opinion AS, 2024). Det vil seie at vi kan estimera den totale turproduksjonen frå dei nye bustadene til ca. 75 reiser i gjennomsnitt per dag.

Den same nasjonale reisevaneundersøkinga frå 2023 viser følgjande fordeling mellom dei ulike reisemåtane: 23 % til fots, 4 % sykkel, 50 % bilfører, 11 % bilpassasjer, 11 % kollektivt og 1 % MC/annan. Brakanes har ikkje ein veldig sentral lokasjon og ikkje eit høgfrekvent kollektivtilbod. Bustene får ein sentral lokasjon i Brakanes, med gangavstand til fleire av dei viktige målpunkt i området. Det er derfor lagt til grunn same reisemiddelfordeling som i den nasjonale reisevaneundersøkinga.

Tabell 5-1: Reisemiddelfordeling lagt til grunn for bustadene på Storøyri.

Reisemåte	Andel	Antal reiser
Til fots	23 %	17
Sykkel	4 %	3
Bilfører	50 %	38
Bilpassasjer	11 %	8
Kollektivt	11 %	8
MC/annan	1 %	1
<b>Totalt</b>	<b>100 %</b>	<b>75</b>

## 5.2 Framtidige trafikkmengder

Ulvik er i dag lokalisert utanfor nasjonale eller regionale hovudfartsårer, og ein legg til grunn at det ikkje skjer nokon generell trafikkvekst. Ei auke i trafikkmengdene i planområdet vil i all hovudsak komme frå tiltak innanfor planområdet eller frå tiltak utanfor planområdet som skapar trafikk i planområdet. I trafikkanalyse for detaljregulering av Holmen har ein estimert ei trafikkauke på fv. 5374 på 40 køyretøy per dag i retning Brakanes som følgje av kulturparken på Holmen (Norocnlt Norge AS, 2024).

Saman med den estimerte bilturproduksjonen frå dei nye bustadene på Storøyri gjer dette dei framtidige trafikkmengdene som er vist i Figur 5-1.



Figur 5-1: Estimerte framtidige trafikkmengder som følge av planforslaget og andre planar i Ulvik.

### 5.3 Skuleveg mellom nye bustader på Storøyni og Brakanes skule

Frå dei nye bustadene på Storøyni er det viktig med ein trygg skuleveg til og frå Brakanes skule. Frå Storøyni vil det vera fleire moglege gangveggar til og frå skulen. Dei mest nytta vegane vil sannsynlegvis bli:

- Langs fylkesvegen til gangfeltet over fylkesvegen, vest for Storøyni, opp til Skeisflaten, før ein når skulen
- Langs fylkesvegen mot aust, over brua over Tyssø, før ein kryssar fylkesvegen i den tilrettelagde kryssinga ved Skeiesvegen og følger fortauet Skeiesvegen opp til Skulebrua, og så kryssar Skulebrua og følger Skeiesvegen opp til skulen

Begge desse vegane kryssar fv. 572 i plan. Fartsmålingane, som det er vist til i kapittel 2.4, viste at 34 % av dei målte køyretrøya hadde ein fart over fartsgrensa på 40 km/t. 85 %-fraktilen var på 46 km/t, som er over det som i Statens vegvesens handbok V127 reknast som akseptabelt fartsnivå på 40 km/t ved etablering av gangfelt. Det vert derfor tilrådd at ein fin tiltak som kan redusera fartsnivået på fylkesvegen.

Langs Skeiesflaten er det svært lite trafikk, og det vurderast at det i utgangspunktet er ein trygg veg for skulebarn. Planen legg opp til etablering av ny og breiare Skulebrua, samt fortau langs Skeiesvegen fram til parkeringsplassen ved skulen. Det vil gjera at denne skulevegen opplevast som tryggare. Det er likevel viktig at kommunen og skulen arbeidar for at ein får minst mogleg trafikk over Skulebrua og inn til skulen.

### 5.4 Vurdering av kryssløysing mellom fylkesvegane

I planforslaget får krysset mellom fylkesvegane i Brakanes sentrum endra utforming. Trafikken til og frå fv. 572 og 5374 får forkøyringsrett, medan trafikken frå fv. 5380 får vikeplikt for trafikken frå dei andre vegane. Løysinga gjer at primærvegen i krysset då blir mellom dei vegane som har mest trafikk. Utforminga kor



Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.

hovuddelen av trafikkmengda har forkøyrersrett vil sannsynlegvis betre trafikkavviklinga i krysset og gje færre situasjonar kor bilar har vikeplikt. Det er viktig at det nye krysset får tilfredsstillande sikt, jamfør krava i N100.

## **5.5 Trafikal vurdering av løysingar for renovasjon og varelevering**

Renovasjon og varelevering skjer som regel med tunge køyretøy. Det er derfor viktig å vurdere korleis denne trafikken er planlagd i områder der ein gjer nye tiltak.

For bustadane på Storøyini er det ikkje planlagd noko løysing for renovasjon per dags dato. Det anbefalast derfor at ein sett krav om at ei trafiksikker løysing for renovasjon og varelevering skal leggjast fram og godkjennast før ein sett i gang bygging av bustadane.

For Coop-bygget på nordsida av fv. 572 vert renovasjons- og vareleveringsløysingane som i dag, kor lastebilar snur ved å køyre rundt bygget. Dette er bra fordi ein unngå at tunge køyretøy må rygge. På nordsida av bygget er det viktig at ein finn ein god måte å skilja trafikken frå mjuke trafikantar som kjem frå gangvegen som går opp til gangfeltet over fv. 5380.

## **5.6 Tilhøva for mjuke trafikantar i planen**

Planen legg til rette for fleire tiltak som legg til rette for mjuke trafikantar. I krysområdet mella fylkesvegane planleggast det fortau langs fylkesvegane på begge sider. Skulebrua får breiare fortau, og det blir fortau fram til parkeringsplassen ved skulen. I tillegg blir det mindre biltrafikk langs promenaden, og eit meir samanhengande tilbod for gåande her. Totalt sett blir forholda for mjuke trafikantar betre som følge av desse tiltaka.

Fartsnivået på fv. 572 er høgt, og kryssing av vegen kan derfor opplevast som utrygt for mjuke trafikantar. Det vert derfor tilrådd at kommunen og fylkeskommunen arbeidar vidare med tiltak som kan redusere fartsnivået på fylkesvegane i Brakanes. Døme på slike tiltak kan være fartshumpar og innsnevringar på vegen. Ombygging av fylkesvegen gjennom planområdet til ei miljøgate kan vera eit godt grep for å redusere fartsnivået og den opplevde tryggleiken for mjuke trafikantar.

Oppdragsgiver: Ulvik herad  
Oppdragsnr.: 52209130 Dokumentnr.

## 6 Referanser

Norocnlit Norge AS. (2024). *Trafikkanalyse - Detaljregulering Holmen*. Bergen: Ulvik herad.

Opinion AS. (2024). *NØKKELTALLSRAPPORT 2023: Nasjonal reisevaneundersøkelse*. Oslo: Opinion AS.  
Hentet fra [https://www.vegvesen.no/globalassets/fag/fokusomrader/nasjonalt-transportplan-ntp/reisevaner/2023/nokkeltallsrapport-rvu-2023\\_per-14.03.2024.pdf](https://www.vegvesen.no/globalassets/fag/fokusomrader/nasjonalt-transportplan-ntp/reisevaner/2023/nokkeltallsrapport-rvu-2023_per-14.03.2024.pdf)

Statens vegvesen. (2017). *Håndbok V128: fartsreduserende tiltak*. Hentet fra <https://www.vegvesen.no/globalassets/fag/handboker/hb-v128-fartsdempende-tiltak.pdf>

Ulvik herad. (2023). *Trafikksikringsplan: 2023-2026*. Ulvik: Ulvik herad. Hentet fra [https://www.ulvik.kommune.no/\\_f/p1/ib57803b6-bf44-48e2-ae3d-cd8ea2963b35/trafikksikringsplan-2023-2026-med-vedtaksdato.pdf](https://www.ulvik.kommune.no/_f/p1/ib57803b6-bf44-48e2-ae3d-cd8ea2963b35/trafikksikringsplan-2023-2026-med-vedtaksdato.pdf)

D01	2024-10-10	For godkjenning hos oppdragsgjevar	HeAnde	AndVan	VidOes
<b>Versjon</b>	<b>Dato</b>	<b>Omtale</b>	<b>Utarbeidd</b>	<b>Fagkontrollert</b>	<b>Godkjent</b>

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.